

ØYGARDEN KOMMUNE
Ternholmvegen 2
5337 RONGDato: 18.04.2018
Vår ref.: 2018/10423-1
Saksbehandlar: wengaus
Dykkar ref.:

Øygarden kommune, Senioruniversitetet Øygarden og Sotra v/Anna Øvretveit - Invitasjon til konsertsamarbeid - "Migrasong - tonane dei bar med seg over havet"

Hordaland fylkeskommune og Museumssenteret i Hordaland, Vestnorsk Utvandrarsenter har etablert eit samarbeid om produksjon og gjennomføring av framsyninga «MIGRASONG – tonane dei bar med seg over havet».

Fylkesmusikar i Hordaland, Reidun Horvei hadde ideen til programmet, basert på utvandringa frå Hordaland til Amerika på slutten av 1800-talet. Ho har, i samarbeid med regissør Jan F. Öqvist, og seinare Tore Nysæter, laga eit flott manus på grunnlag av eit rikt historisk materiale.

Me fylgjer utvandarane si reise frå små bygder i Hordaland: fyrst til Bergen, så vidare til Hull i England, med tog til Liverpool og så over Atlanteren til det lova landet, Amerika. Bagasjen skulle ikkje vega meir enn 75 kg, men songane dei bar med seg vog ingen ting, og for mange var songen og musikken det kjæraste dei hadde. Nordmenn slo seg ned i einsemda på prærien eller flokka seg i små lokalsamfunn. Dei hegna om språket og eigne levemåtar, dei slapp ikkje taket i sin eigen kultur. Dei heldt saman. Gjennom sjøfart og folkevandring vart songen spreidd, før som no. Frå heile verda der menneska kjem i kontakt med kvarande oppstår det nye songar.

Medverkande i framsyninga er:
Reidun Horvei, songar og forteljar
Øyvind Lyslo, gitarar, diverse strengjeinstrument
Per Inge Hove, trøorgel

Tore Nysæter er regissør, og Steffen André Hagen er ansvarleg for biletspelet.
Øyvind Lyslo og Per Inge Hove har utarbeidd dei musikalske arrangementa.

Den 11. februar 2018 hadde «MIGRASONG – tonane dei bar med seg over havet» premiere på Vestnorsk Utvandrarsenter, i Emigrantkyrkja på Radøy. Deretter la ensemblet ut på turné med ti framsyningar på ulike stadar i fylket vårt. Fleire kommunar og lokale arrangørar ønskjer å samarbeide med Hordaland fylkeskommune om konsertframsyninga og har allereie fastsett dato.

Vi vil tilby konserten til **Øygarden kommune** -

Arrangør: **Senioruniversitetet Øygarden og Sotra**
Dato: **Tysdag 11. september** (arrangør vel klokkeslett)

Kommunen må gjerne invitere lag og organisasjonar med på gjennomføringa av arrangementet.

Utgiftene vert delt mellom Hordaland fylkeskommune og lokal arrangør.
Fylkeskommunen utformar programhefte, trykker plakatar, held honorar, diett og overnatting for utøvarane.
Arrangør betalar ein fast eigenandel på kr. 10.000,- til Hordaland Fylkeskommune i etterkant av arrangementet.
Billettinntektene og eventuell stønad (sponsormidlar m.m.) går til arrangøren.

Har de spørsmål? Ver vennleg å kontakte Wenche Gausdal, 55 32 74 72 eller 976 87 636.

Dersom invitasjonen til konsertsamarbeid er av interesse, ber vi dykk om å signere vedlagte samarbeidsavtale og sende denne attande til:

Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga
Att: Wenche Gausdal
Postboks 7900
5020 Bergen
eller pr. e-post: wenche.gausdal@hfk.no

SVARFRIST: Onsdag 9. mai, 2018

Me vonar på eit godt samarbeid!

Med venleg helsing

Ronny Skaar
Utviklingssjef/seksjonsleiar

Reidun Horvei
Fylkesmusikar i Hordaland